



Informasjon og retningslinjer for Fritidsfondet

Som ein del av prosjektet *Bygd for alle* har Voss herad oppretta prøvetiltaket Fritidsfondet. Fritidsfondet er ei økonomisk støtteordning som skal bidra til at barn og unge i låginntektsfamiliar får moglegheit til å delta i minst ein fritidsaktivitet uavhengig av familien sin sosiale eller økonomiske situasjon. Tiltaket er finansiert gjennom midlar frå Voss Sparebank og skal evaluerast i august 2023.

Føremål

Fritidsfondet har som føremål å gje barn og unge moglegheit til å delta i ein organisert fritidsaktivitetar til tross for svak familieøkonomi.

Målgruppe

Barn og unge i alderen 6-18 år frå familiar med svak økonomi som er folkeregistrert i Voss herad, og som ikkje allereie mottok støtte til fritidsaktivitetar via NAV. Ordninga kan ikkje koplaster med andre støtteordningar.

Barnet/ungdommen kan få støtte frå det året dei fyller 6 år til og med det året dei fyller 18 år.

Kva kan du søkja om støtte til

Betaling for kostnader knytt til faste organiserte fritidsaktivitetar i Voss herad. Barnet/ungdommen kan få støtte til ein aktivitet.

Dette kan vera:

- Medlemskontingent og treningsavgift i fast organisert fritidsaktivitet.
- Lisensar.
- Kulturskuleavgift.
- Eigenandel for turar, treningsleirar, deltaking på stemne og cupar m.m. som naturleg inngår som ein del av den faste organiserte aktiviteten.
- Nødvendig utstyr.
- Voss Resort og Myrkdalen Fjellandsby tilbyr reduserte prisar på sesongkort til barn som veks opp i familiar med låg inntekt. Fritidsfondet dekker kun utgiftene til sesongkort dersom barnet/ungdommen deltek på organisert trening med ei alpingruppe som nyttar skisenteret til trening.
- Fritidsfondet dekker ikkje utgifter til treningssenter, skulefritidsordning og lommepeng.



Støttebeløp

Det vert gitt maksimalt kr 2500,- i støtte til eit enkelt barn/ungdom i løpet av eit år. Søknadsåret går frå 01.08.22-01.08.23. Søknadsbeløp må vera minimum kr 300,- pr. barn/ungdom. Det kan søkjast fleire gonger i løpet av året. Fritidsfondet dekker utgifter til ein aktivitet, dvs. ein kan ikkje få støtte til ulike aktivitetar/organisasjonar.

Søknadsprosedyre

Kven kan søkja?

Barnet eller familien kan ikkje søkja sjølv.

Trenarar og leiarar i frivillige lag og organisasjonar, ressurspersonar som jobbar i kommunen, som helsesjukepleiarar, rådgjevarar, barnevernstenesta m.m. kan søkja om støtte på vegne av barnet.

Den som søkjer har ansvar for å gå god for at barnet er i målgruppa for ordninga, for å ha fått godkjenning på at det vert søkt om støtte frå føresette og for å følgja opp at barnet deltek i aktiviteten det er søkt om støtte til.

Før du søkjer

Sjekk denne [tabellen med låginntektsgrense](#) for å sjå om Fritidsfondet gjeld for denne familien/ barnet. Det vert ikkje stilt krav om dokumentasjon av familiens økonomiske situasjon, ordninga er tillitsbasert.

Les retningslinjene for Fritidsfondet og personvern.

Korleis søkja om støtte

Trenarar og leiarar i frivillige lag og organisasjonar, ressurspersonar som jobbar i kommunen, som helsesjukepleiarar, rådgjevarar, barnevernstenesta m.m. søkjer via digitalt skjema på Voss herad si heimeside.

Det skal sendast eigen søknad for kvart barn det skal søkjast for.

Det er ingen søknadsfrist. Søknadar vert behandla fortløpande, og ein kan venta svar seinast innan 3 veker.

Søknaden skal innehalda informasjon om kven det vert søkt for og kva det vert søkt om støtte til.

Søknadshandsaming

Søknaden vert behandla administrativt av saksbehandlar i avdeling for kultur og fritid i Voss herad.

Støtta vert utbetalt direkte til organisasjon/ lag og ikkje til familien. Utbetalinga skjer ei gong per måned.